Vestland fylkeskommune

Konkurransegrunnlag

For konkurranse med forhandling (over EØS-terskelverdi) ved anskaffing av klaver, piano og tilbehør samt serviceavtale til Langhaugen vidaregåande skule

VLFK/26/224

1. GENERELL SKILDRING 4
1.1 Oppdragsgjevar 4
1.2 Kontaktpunkt 5
1.3 Føremålet med anskaffinga 5
1.4 Viktige datoar 6
1.5 Oppbygginga av konkurransegrunnlaget 7
2. REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN 8
2.1 Anskaffingsprosedyre 8
2.2 Anskaffing - to fasar 8
2.2.1 Kvalifikasjonsfase 8
2.2.2 Tilbodsfase 8
2.3 Klima- og miljøomsyn i anskaffinga 8
2.4 Sanksjoner mot Russland 8
2.5 Spørsmål og svar 9
2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget 9
2.7 Tilleggsopplysningar 9
2.8 Krav til arbeids- og lønsvilkår 9
2.9 Skatteattest 10
2.10 Mellombels åtgjerd 10
2.11 Deltakingskostnadar for leverandøren 10
3. KVALIFIKASJONSKRAV 11
3.1 Generelt 11
3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar 11
3.3 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling 12
3.4 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling 12
3.5 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar 12
3.6 Utfylling av ESPD 13
4. INNLEVERING OG UTFORMING AV FØRESPURNADEN 14
4.1 Innlevering av førespurnad 14
4.2 Utforming av førespurnaden 14
5. TILDELINGSKRITERIUM 16
6. INNLEVERING OG UTFORMING AV TILBOD 18
6.1 Innlevering av tilbod 18
6.2 Utforming av tilbodet 18
6.3 Atterhald og avvik 19

7. VEDLEGG TIL KONKURRANSEGRUNNLAGET 20

1. GENERELL SKILDRING

1.1 Oppdragsgjevar

Fylkeskommunen er ein av fylket sine største arbeidsgjevarar. Fylkeskommunen har ca. 7000 tilsette, og eit årleg driftsbudsjett på om lag 11,3 milliardar kroner.

Organisasjonen Vestland fylkeskommune består av fylkesadministrasjonen som er geografisk plassert i Bergen, Leikanger og Førde, i tillegg til Skyss, 44 vidaregåande skular og opplæringsinstitusjonar, og 58 tannklinikkar. I tillegg har fylkesvegadministrasjonen kontor fleire stader i fylket.

Fylkeskommunen har særskild merksemd på miljø. Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 angir at klima og naturmangfald er ein premiss for samfunnsutviklinga. Regional plan for klima 2022-2035 legg fleire føringar når det gjeld innkjøp. Det er eit hovudmål for innkjøp at innkjøpspraksisen skal bidra til å redusere skadeleg miljøpåverknad og fremje klimavenlege løysingar.

I denne anskaffinga er miljø vareteke på følgjande måte:
Oppdragsgivar har vurdert klima- og miljøomsyn i samsvar med anskaffingslova § 5 b. I denne konkrete anskaffinga skal vi dels anskaffe musikkinstrument og dels ein tenesteavtale. Musikkinstrument vert bygd etter etablerte standardar, og det er avgrensa rom for forbetringar i produkt og produksjonsprosessar som påverkar klima- og miljøavtrykket utan at det får negative kvalitetsmessige utslag. For denne anskaffinga er det derfor vurdert som vanskeleg å etablere objektive og etterprøvbare skilnader mellom tilboda når det gjeld klima- og miljøprestasjonar. Dei vesentlege miljøeffektane er knytte til levetid, reparerbarheit, tilgang på reservedelar, materialopphav og transport. Oppdragsgivar har derfor vurdert at konkrete klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen vil gi betre klima- og miljøeffekt enn å nytte klima- og miljøomsyn som tildelingskriterium.

Overordna samfunnsoppdrag:
Fylkeskommunen har ansvar for å utvikle fylket, og har etablert eit målhierarki med visjon, verdiar og vårt overordna samfunnsoppdrag. Dette målhierarkiet vert illustrert slik, og skal vere styrande for all vår aktivitet:

For meir informasjon om oppdragsgjevar sjå vlfk.no.

1.2 Kontaktpunkt

Kontaktperson hos oppdragsgjevar er:

Namn	Anette Cecilie Blich
E-postadresse	Anette.Cecilie.Blich@vlfk.no

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar om konkurransen enn nemnde kontaktperson.

1.3 Føremålet med anskaffinga

Langhaugen vidaregåande skule er ein av dei største vidaregåande skulane i Vestland fylke og har eit breitt utdanningstilbod innan studieførebuande og kreative fag. Skulen er særleg kjend for sitt sterke fagmiljø innan musikk, dans og drama, og har gjennom mange år vore ein viktig arena for utvikling av unge musikarar og kulturutøvarar. Frå januar 2027 tek skulen i bruk eit nytt musikkbygg med moderne fasilitetar for undervisning, øving og framføringar. Anskaffinga skal bidra til å sikre føremålstenlege og kvalitetsmessig gode instrument til bruk i dette læringsmiljøet.

Anskaffinga er naudsynt for å kunne drive undervisning i ei rekke lovpålagte fag på MDD-musikk. Undervisning i klaver er obligatorisk fag for alle elevar. Klaver er naudsynt for å ha undervisning i song, som óg er obligatorisk fag, og i faga samspel, kor, musikk, musikk-dans-drama, musikk fordjuping og musikk i perspektiv. Instrumenta vil verte nytta om lag 25 timer i veka til undervisning, i tillegg til øving for elevar.

Oppdraget består av 3 delkontrakter, som er nærare spesifisert i Vedlegg A – Kravspesifikasjon:

Delkontrakt 1 – Flygel
Delkontrakt 2 – Piano
Delkontrakt 3 – Serviceavtale

Det er høve til å gje tilbod ein eller fleire delkontrakter, og oppdragsgjevar kan inngå avtale med inntil 3 leverandørar. Tilbydar vert i både søknad om deltaking og i tilbodsbrev beden om å spesifisere kva delkontraktar søknaden/tilbodet gjeld.

Nyinnkjøp av instrument er budsjettert til om lag 6 MNOK. Oppdraget kan også omfatte oppgradering/oppussing av eksisterande instrument. I tillegg kan det bli aktuelt med kompletteringskjøp av instrument viss det er naudsynt og det finst rom på skulen sitt årsbudsjett. Slike kompletteringskjøp kan vere aktuelt i garantitida til hovudanskaffinga, og sjølv om omfang er vanskeleg å spå legg oppdragsgjevar til grunn inntil 2 MNOK som eit rimeleg estimat. Antatt omfang på service avtalen er 100000 -150000 kr i året og skal også omfatte den eksisterande instrumentparken. Det vert understreka at oppgjevne verdiar er basert på våre beste estimat, og det vert teke atterhald om endringar i volum, mellom anna med bakgrunn i budsjettsituasjonar som påverkar oppdragsgjevar sin aktivitet.

Nærare skildring av leveransen følgjer av Vedlegg A - Kravspesifikasjon.

1.4 Viktige datoar

Aktivitet	Tidspunkt
Kunngjering	22.09.2026
Siste dag for spørsmål til konkurransegrunnlaget	16.10.2026
Frist for å levere førespurnad om deltaking i konkurransen	22.10.2026 kl. 12:00
Utsending av invitasjon til å levere tilbod	Uke 44 2026
Siste dag for spørsmål til invitasjonen	Ei veke før tilbodsfrist
Frist for å levere tilbod	Fristen vil bli vurdert etter mottak av førespurnad om deltaking, men vil bli maksimalt 14 kalenderdagar frå utsending av invitasjon. Tentativt vil det bli i uke 46.
Utløp av karensperiode	Frist sett i tildelingsbrev
Vedståingsfrist	3 månader etter tilbodsfrist for første levering av tilbod

Vi gjer merksam på at tidspunkta etter frist for å levere førespurnad om deltaking i konkurransen er rettleiande, med unntak av vedståingsfristen. Vi tek atterhald om eventuelle endringar i framdriftsplanen.

1.5 Oppbygginga av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget har følgjande vedlegg og skjema:

	Kvalifikasjonsdokument	Vedlegg/skjema leveres i kvalifikasjonsfasen	Vedlegg/skjema leveres i tilbodsfasen
Vedlegg 1	Førespurnadsbrev	x	
Vedlegg 2	Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til søknad	x	
Vedlegg 3	Forpliktingserklæring	x	
Vedlegg 4	Referanseskjema	x	
	ESPD-eigenerklæringsskjema (elektronisk dokument)	x	
	Tilbodsdokument		
Vedlegg 5	Tilbodsbrev		x
Vedlegg 6	Tilbydar sine atterhald og avvik		x
Vedlegg 7	Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til tilbod		x
	Avtale med vedlegg nemnd under		
Vedlegg A	Kravspesifikasjon		x
Vedlegg B	Leverandøren si skildring av leveransen		x
Vedlegg C	Prisar		x
Vedlegg D	Einingar i avtalen		x
Vedlegg E	Kontraksvilkår for ivaretakelse av grunleggende menneskerettigheter i leverandørkjeden		x
Vedlegg F	Seriøsitetskrav og etiske føresegner for leverandører til Vestland fylkeskommune		x

2. REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser av (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) av. Anskaffinga skal gjennomførast etter del I og del III i forskrifta (over EØS-terskelverdi). Kontraktstildeling vil bli gjennomført etter prosedyren konkurranse med forhandling, jf. FOA § 13-1, jf. § 13-2.

2.2 Anskaffing - to fasar

Anskaffinga blir innleia med kvalifisering av leverandørar som sender førespurnad om deltaking i anskaffinga.

2.2.1 Kvalifikasjonsfase

I denne fasen vil vi vurdere kvalifikasjonane til leverandørane. Alle kvalifiserte leverandørar får invitasjon til å levere tilbod i konkurransen.

2.2.2 Tilbodsfase

Kvalifiserte leverandørar får invitasjon til å levere tilbod i konkurransen. Tildelingskriteria følgjer av punkt 6.

Alle inviterte tilbydarar som deretter leverer tilbod vil få desse evaluert før oppdragsgjevar inviterer til forhandlingar. Forhandlingane vil kunne bli gjennomførte i fleire fasar for å redusere det talet på tilbod det blir forhandla om. Ein fyrste reduksjon av tilbod vil kunne skje før forhandlingane tek til. Reduksjonen av talet på tilbod det blir forhandla om, skjer på bakgrunn av ei vurdering av tildelingskriteria, jf. FOA § 23-11.

Oppdragsgjevar tek atterhald om å ikkje forhandla om tilboda om det blir vurdert som føremålstenleg, jf. FOA § 23-7 (5).

2.3 Klima- og miljøomsyn i anskaffinga

Miljø- og klimakrav er brukt som minstekrav i kravspesifikasjonen i staden for som tildelingskriterium i evalueringa. For grunngjeving sjå punkt 1.1.

2.4 Sanksjoner mot Russland

Del III

Oppdragsgjevar gjer merksam på at det er forbode å tildela eller halda fram gjennomføringa av offentlege kontraktar for innkjøp over EØS-terskelverdi til og med russiske aktørar. Forbodet vart innført ved endring av forskrift 15. august 2014 nr. 1076 om restriktive tiltak rundt handlingar som undergrev eller truar Ukrainas territoriale integritet, suverenitet, sjølvstende og stabilitet, og følgjer av denne forskriftas § 8n.

Med «russiske aktørar» siktar ein til, til liks med forskrifta:
- russiske statsborgarar eller fysiske eller juridiske personar som er etablerte i Russland,

- juridiske personar, viss eigedomsrettar direkte eller indirekte er meir enn 50 % eid av ei eining omtalt i bokstav a, eller
- juridiske personar, som handlar på vegner av eller på instruks frå ei eining nemnt i bokstav a eller b, også dersom dei står for meir enn 10 % av kontraktsverdien, underleverandørar, leverandørar eller einingar viss kapasitet blir i samsvar med utnytta direktiva om offentlege innkjøp.

Dokumentasjonskrav:
Leverandør skal stadfesta at selskapet ikkje har russisk eigarskap som beskrive ovanfor i førespurnadsbrevet (Vedlegg 1).

For varetaking av andre sanksjonar mot Russland sjå Vedlegg A – Kravspesifikasjon *(Hjelpetekst: Skal vere med dersom Vedlegg A inneheld slike sanksjoner. Sjå https://deksa.no/sanksjoner/sanksjoner-mot-russland/)*.

2.5 Spørsmål og svar

Vi oppmodar tilbydarane til å stille spørsmål, anten det gjeld anskaffingsdokumenta eller konkurransen, dersom noko er uklart. Vi ber om at tilbydarane nyttar funksjonen for spørsmål og svar i TendSign innan fristen for spørsmål angjeve i punkt 1.4. Oppdragsgjevar vil publisere anonymiserte svar i TendSign.

Tilbydarar får tilgang til spørsmål og svar-funksjonen i TendSign ved å opprette leverandørkonto på Mercell TendSign.

2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget

Førespurnad om tilleggsopplysningar eller informasjon om feil i konkurransegrunnlaget skal sendast inn via spørsmålsfunksjonen i TendSign.

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget vil bli formidla til alle leverandørar som har registrert si interesse for anskaffinga ved å opprette leverandørkonto i TendSign.

2.7 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg via spørsmålsfunksjonen i TendSign be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar ved kontaktpersonen. Eventuelle spørsmål til konkurransegrunnlaget må sendast inn innan fristen i pkt. 1.4.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg via spørsmålsfunksjonen i TendSign til kontaktpersonen hjå oppdragsgjevar.

2.8 Krav til arbeids- og lønsvilkår

Avtalen vil innehalde krav om løns- og arbeidsvilkår mv., dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med LOA § 5e. Dette gjeld òg avtalar med lågare verdi enn dei som er omfatta av lova.

2.9 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Ved innlevering av førespurnad kan tilbydar samtykke til at oppdragsgjevar hentar inn dokumentasjon direkte frå Skatteetaten. Dersom tilbydar ikkje ønskjer at oppdragsgjevar skal hente inn slik dokumentasjon, må tilbydar sjølve, på førespurnad, levere den inn.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader, rekna frå den datoen oppdragsgjevar melder kven som har vunne kontrakten.

Utanlandske leverandørar må leggje fram tilsvarande dokumentasjon frå heimlandet sitt som viser at skatte- og avgiftsplikter er oppfylte. Dersom slike attestar ikkje blir utferda av styresmaktene i landet, skal leverandøren levere ei erklæring som stadfestar at alle skattar og avgifter er betalte. Erklæringa skal vere signert av økonomidirektør eller annan ansvarleg for økonomi.

2.10 Mellombels åtgjerd

For leverandørar som vert avvist etter FOA §§ 24-1 og 24-2 eller ikkje invitert til å gje tilbod etter FOA § 16-12, vil det bli sett ein frist på 15 dagar for å krevje mellombels åtgjerd, jf. FOA § 20-7. Fristen på 15 dagar vert rekna frå dagen etter oppdragsgjevar si melding om avvising eller melding om utveljing vert send.

2.11 Deltakingskostnadar for leverandøren

Kostnadar som leverandøren får i samband med utarbeiding, levering og oppfølging av førespurnaden og tilbodet samt anskaffingsprosessen elles blir ikkje refunderte.

Deltaking vil ikkje på nokon måte forplikte oppdragsgjevar til å inngå kontrakt med leverandøren eller påføre oppdragsgjevar økonomiske plikter.

3. KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Generelt

For å kunne få tilbodet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet (European Single Procurement Document, ESPD) om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgjeve nedanfor. Dette gjer ein i del IV seksjon a i ESPD-skjemaet. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet. ESPD er ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, og dessutan ei erklæring på at det ikkje ligg føre avvisingsgrunnar.

Tilbydar har moglegheit for å støtta seg på andre føretak for å oppfylle kvalifikasjonskrava knytt til økonomisk og finansiell kapasitet samt innan tekniske og faglege kvalifikasjonar. Det skal då leverast forpliktingserklæring, separat ESPD-skjema frå støttande verksemd og dessutan slik dokumentasjon som det blir stilt krav om i det aktuelle kvalifikasjonskravet.

Som ei følgje av at det skal gjennomførast ein prekvalifisering, vil oppdragsgjevar føretrekkja at dei dokumentasjonskrava som kjem fram av tabellar nedanfor blir oppfylte allereie i kvalifikasjonssøknaden. Det er likevel tilstrekkeleg at ESPD ligg føre saman med kvalifikasjonssøknaden. Tilbydaren vil då bli beden om å ettersende dei dokumenta som er angitt så snart som mogleg.

3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsette i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivaren sin medlemsstat». Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i § 24-2 i anskaffingsforskrifta, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

§24-2 (2). I denne føresegna er det oppgjeve at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei aktuelle strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei aktuelle strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
24-2 (3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

3.3 Leverandøren si organisatoriske og juridiske stilling

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal vere eit lovleg etablert føretak.	• Norske selskap: Firmaattest frå Brønnøysundregistrene. Oppdragsgjevar hentar inn dokumentasjon direkte frå Brønnøysundregistrene. • Utanlandske selskap: Godtgjering på at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister som føreskrive i lovgjevinga i det landet der leverandøren er etablert

3.4 Leverandøren si økonomiske og finansielle stilling

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføre kontrakten.	Oppdragsgjevar vil i utgangspunktet sjølv innhente ei kredittvurdering av leverandøren. Kredittvurderinga baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Finansiell styrke vert vurdert i forhold til omsetnad, inntening, soliditet og likviditet. Oppdragsgjevar tek atterhald om å hente inn leverandøren sitt årsrekneskap inkludert noter med styre- og revisjonsmelding frå det siste året. Utanlandske leverandørar blir bedne om å levere årsrekneskap, inkludert eventuelle notar med styre- og revisjonsmelding, for dei siste to åra. Dersom leverandøren av gyldige grunnar ikkje kan leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgjevar har bedt om, kan han godtgjere den økonomiske og finansielle stillinga si med eit kvart anna dokument som oppdragsgjevar kan akseptere.

3.5 Leverandøren sine tekniske og faglege kvalifikasjonar

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal ha erfaring frå tilsvarande oppdrag i løpet av dei siste 5 åra	Skildring av dei 1-3 mest relevante oppdraga frå leverandøren i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere informasjon om verdien av oppdraget, tidspunkt og mottakar. Det er tilstrekkeleg at dei 1- 3 referanseoppdraga samla sett oppfyller kvalifikasjonskravet. Leverandøren skal nytte referanseskjema i Vedlegg 4.

Dersom leverandøren støttar seg på andre leverandørar for å oppfylle kvalifikasjonskrava knytt til økonomisk og finansiell stilling eller tekniske og faglege kvalifikasjonar, må det leverast

forpliktingserklæring og ESPD-eigenerklæring for denne leverandøren. Dokumentasjonen leverast med førespurnaden. Forpliktingserklæringa i Vedlegg 3 kan nyttast, og eigen ESPD-eigenerklæring skal fyllast ut.

3.6 Utfylling av ESPD

Hovudleverandør:
Hovudleverandør skal fylle ut det *elektroniske* ESPD-skjemaet som er kunngjort i konkurransen.

Støtte frå anna verksemd:
Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre verksemder for å oppfylle kvalifikasjonskrava skal det leverast *separat* ESPD-skjema for verksemda.

I innleveringsprosess for tilbod er det eit prosesstrinn der tilbydar kan leggje til støttande verksemd (trinnet *Tilbud -> Underleverandører*). I dette trinnet kan du anten:

i) søke opp verksemda i det eksisterande leverandørregisteret i TendSign og velje kven du vil påkalle kapasitet frå, eller
ii) registrere verksemda dersom denne ikkje er i registeret frå tidlegare.

Når underleverandør blir lagd til som ei støttande verksemd er det hovudleverandør som fyller ut ESPD for den underleverandøren som er den støttande verksemda. Den støttande verksemda har ikkje tilgang til tilbodsprosessen og får ingen varsel eller invitasjon til å fylla ut ESPD.

Ved spørsmål om utfylling av ESPD ta kontakt med TendSign support, sjå punkt 5.1.

4. INNLEVERING OG UTFORMING AV FØRESPURNADEN

4.1 Innlevering av førespurnad

Konkurransegrunnlaget er gratis, direkte og uavgrensa elektronisk tilgjengeleg her:

https://tendsign.no/public/list_public_publications.aspx?FromPublic=true&OrganizationID=500203274

Merk at tilbydarane på denne sida ikkje kan levere førespurnad, få informasjon om eventuelle oppdateringar og spørsmål og svar i konkurransen. For å levere førespurnad, samt få eventuelle oppdateringar i konkurransen og sjå spørsmål og svar, må tilbydarane logge seg inn på www.tendsign.no. Kvalifikasjonsdokumenta er og tilgjengelege her.

Tilbydar skal skrive ut, signere og datere Vedlegg 1: Førespurnadsbrev og levere dette saman med førespurnaden. Tilbydar kan også nytte elektronisk signatur som tilfredsstiller krava til eID-ordning i forskrift 21. november 2019 nr. 1578 om selvdeklarasjon av ordninger for elektronisk identifikasjon § 3 og er oppført på publisert liste i samsvar til § 13 første ledd i denne forskrifta.

Interesserte leverandørar vert oppmoda om å gjere seg kjent med TendSign i god tid før innleveringsfristen for førespurnaden. Brukarstøtte er tilgjengeleg på startsida på din leverandørkonto i TendSign. Her kan du både kontakte support og finne manual for korrekt bruk.

Vi tilrår alle leverandørar som nyttar spamstyringssystem å leggje inn følgjande e-postadresser i lista over pålitelege avsendarar: support.tendsign@mercell.com, noreply.commerce@mercell.com, noreply.commerce@mailinfo.mercell.com og no-reply@addosign.net.

MERK at tilbod ikkje er sendt inn før du har mottatt stadfesting på dette i innleveringsprosessen og på e-post.

4.2 Utforming av førespurnaden

Tilbydar er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt er svara på og dokumenterte i førespurnaden. Førespurnaden skal leverast på norsk.

For å sikre alle tilbydarane likehandsaming, er det viktig at alle innkomne førespurnader har lik struktur. Filnamnet bør merkast med riktig punktnummer frå tabellen under. Førespurnaden bør utformast i samsvar med den disposisjonen som følgjer under.

Punkt nr	Dokument
1.1	Vedlegg 1: Førespurnadsbrev
1.2	Vedlegg 2: Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til tilbod
1.3	Vedlegg 3: Forpliktingserklæring

1.4	ESPD-eigenerklæringsskjemaet for leverandør (separat elektronisk skjema) og eventuelt underleverandør(ar). Dersom det blir fylt ut elektronisk skjema i TendSign så er det ikkje nødvendig å levera ESPD i PDF-format.
2.1	Firmaattest, om nødvendig, sjå punkt 3.3
2.2	Vedlegg 4: Referanseskjema

5. TILDELINGSKRITERIUM

Tildeling av dei respektive delkontraktane skjer på grunnlag av kva for tilbod har det beste forholdet mellom pris / kostnad og kvalitet, basert på desse kriteria:

Kriterium	Vekt	Dokumentasjon
Pris/Kostnad Delkontrakt 1 og 2: • Total anskaffingskostnad Delkontrakt 3 (Serviceavtale) • Service- og vedlikehaldsavtale jf prisskjema	40	Ferdig utfylt Vedlegg C - Prisar

Kvalitet
 	
<u>Delkontrakt 1 og 2:</u>
• Klangkvalitet ved prøvespilling, t.d:
  ○ klangbalanse
  ○ dynamisk spenn
  ○ anslagsrespons
  ○ projeksjon
  ○ repetisjonsevne
  ○ allsidigheit
  ○ Spillbarheit og mekanikk ved prøvespilling
• Robustheit og levetid
• Transport og leveringstid
 	
Resultat frå prøvespel og vurdering av robustheit og levetid vil telje meir enn transport og levering.
 	
<u>Delkontrakt 3:</u>
Service og oppfølging, responstid mv
Dokumentert kompetanse på oppgitt nøkkelpersonell
	60	<u>Delkontrakt 1 og 2:</u>
		
		• Ferdig utfylt Vedlegg B - Leverandøren si skildring av leveransen
		• Resultat frå oppdragsgjevar sitt prøvespel av instrument
		
		<u>Delkontrakt 3:</u>
		
		• Ferdig utfylt Vedlegg B – Leverandøren si skildring av leveransen
		• CV og dokumentasjon for nøkkelpersonell (pianostemmar/-teknikar mv) som skal utføre oppdraget
		• Referansar frå tilsvarande oppdrag

Ei detaljert skildring av tildelingskriteria følgjer av Vedlegg A - Kravspesifikasjon.

Alle godkjente tilbod vil bli evaluerte med poeng på tildelingskriteria, der 6 er høgast og 0 er lågast.

Oppdragsgjevar nyttar ein evalueringsmodell der beste pristilbod får 6 poeng, medan dei andre pristilboda får poeng basert på forholdsmessig metode (PB/PE x 6 = , der PB står for beste pristilbod og PE for det evaluerte pristilbodet).

Oppdragsgjevar vil evaluere kvalitetskriteria etter ei vurdering av tilboda i forhold til kvarandre på ein poengskala mellom 0 og 6. Beste tilbod på det einskilde kvalitative kriterium vil verte oppjustert til maksimalt tal poeng, og dei andre tilbydarane vert flytta relativt etter dette.

6. INNLEVERING OG UTFORMING AV TILBOD

6.1 Innlevering av tilbod

Tilbydar skal skrive ut, signere og datere Vedlegg 5: Tilbodsbrev og levere dette saman med tilbodet. Tilbydar kan også nytte elektronisk signatur som tilfredsstiller krava til eID-ordning i forskrift 21. november 2019 nr. 1578 om selvdeklarasjon av ordninger for elektronisk identifikasjon § 3 og er oppført på publisert liste i samsvar til § 13 første ledd i denne forskrifta.

Interesserte leverandørar vert oppmoda om å gjere seg kjent med TendSign i god tid før innleveringsfrist for tilbodet. Etter at innleveringsfrist er gått ut vil det ikkje vere mogeleg å sende inn tilbod i TendSign. Brukarstøtte er tilgjengeleg på startsida på din leverandørkonto i TendSign. Her kan du både kontakte support og finne manual for korrekt bruk.

Vi tilrår alle leverandørar som nyttar spamstyringssystem å leggje inn følgjande e-postadresser i lista over pålitelege avsendarar: support.tendsign@mercell.com, noreply.commerce@mercell.com og noreply.commerce@mailinfo.mercell.com.

MERK at tilbod ikkje er sendt inn før du har mottatt stadfesting på dette i innleveringsprosessen og på e-post.

6.2 Utforming av tilbodet

Tilbydar er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt er svara på og dokumenterte i tilbodet. Tilbodet skal vere skriftleg og leverast på norsk.

Leverandøren har risikoen for uklarheiter i tilbodet, jf. FOA § 23-3.

Ved å levere inn tilbod godtek tilbydar avtalens vilkår og øvrige konkurransedokument.

For å sikre alle tilbydarane likehandsaming, er det viktig at alle innkomne tilbod har lik struktur. Filnamnet bør merkast med riktig punktnummer frå tabellen under. Tilbodet bør utformast i samsvar med den disposisjonen som følgjer under.

Punkt nr	Dokument
1.1	Vedlegg 5: Tilbodsbrev
1.2	Vedlegg 6: Tilbydar sine atterhald og avvik
1.3	Vedlegg 7: Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til tilbod
2.1	Vedlegg B - Leverandøren si skildring av leveransen
2.2	CV for dei enkeltpersonar som blir tilbydd for gjennomføringa av Delkontrakt 3.
2.3	Vedlegg C – Prisar *(i excel-format)*

6.3 Atterhald og avvik

Dersom leverandøren har avvik eller tek atterhald mot delar av anskaffingsdokumenta, under her avtaledokumentet, skal desse spesifiserast med kva konsekvensar dette har for yting, pris eller andre forhold, jf. Vedlegg 6: Tilbydar sine atterhald og avvik.

Avvik eller atterhald kan medføre at tilbodet vert avvist, jf. FOA § 24-8.

7. VEDLEGG TIL KONKURRANSEGRUNNLAGET

Kvalifikasjonsdokument:

- Vedlegg 1: Førespurnadsbrev
- Vedlegg 2: Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til søknad
- Vedlegg 3: Forpliktingserklæring
- Vedlegg 4: Referanseskjema

Tilbodsdokument:

- Vedlegg 5: Tilbodsbrev
- Vedlegg 6: Tilbydar sine atterhald og avvik
- Vedlegg 7: Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til tilbod

Avtale:

- Avtaledokument m/ vedlegg

Vedlegg 1 - Førespurnadsbrev

Til:
Vestland fylkeskommune
Att: Namn

Frå:
Namnet på verksemda: _____

Organisasjonsnummer: _____

Kontaktperson: _____

Telefonnummer: _____

E-postadresse: _____

Vi viser til konkurransegrunnlaget og sender med dette førespurnad om kvalifisering for deltaking i konkurranse VLFK/26/224 Anskaffing av klaver, piano og tilbehør samt serviceavtale til Langhaugen vidaregåande skule.

Denne førespurnaden om deltaking gjeld følgjande delkontraktar (sett kryss):

☐ Delkontrakt 1 – Flygel
☐ Delkontrakt 2 – Piano
☐ Delkontrakt 3 – Serviceavtale

Vi stadfestar at det ikkje ligg føre russisk eigarskap eller avvisingsgrunnar som nemnt i punkt 2.4 og punkt 3.2.

Denne underskrifta gjeld heile førespurnaden, inkludert alle vedlegg.

--- ---

Stad og dato Signatur og tittel

Førespurnaden må signerast av ein som har signaturrett eller stillingsfullmakt til å gi bindande tilbod på vegner av leverandøren, elles må leverandøren leggje ved fullmakt.

Vedlegg 2: Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til søknad

Vi erklærer med dette at alle aktuelle opplysningar i vår førespurnad som vi reknar som unntatt frå innsyn etter offentleglova er presist oppgjeve i tabellen under. Vi fritek med dette oppdragsgjevar frå eventuell teieplikt etter offentleglova § 13 for alle andre opplysningar enn dei som er klart identifiserte, og aksepterer at det vert gjeve fullt innsyn i alle andre opplysningar enn dei som er identifiserte i tabellen under.

SETT EITT KRYSS:

☐ Førespurnaden inneheld ingen opplysningar som er unntatt frå innsyn etter offentleglova § 13.

☐ Vi meiner førespurnaden inneheld følgjande teiepliktige opplysningar som skal vere unntatt frå innsyn etter offentleglova § 13*:

Ref.nr i førespurnaden	Aktuelle opplysningar	Grunngjeving for at det skal nektast innsyn i desse

* Merk at ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren på sjølvstendig grunnlag vurdere om opplysningane er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekte innsyn i desse, jf. offentleglova § 29.

Vedlegg 3: Forpliktingserklæring

Denne erklæringa gjeld støttande verksemd for å oppfylle kvalifikasjonskrava.

Støttande verksemd for at leverandør skal kunne oppfylle kvalifikasjonskrava:

Firma og org. nummer	

Den som mottar støtta (tilbyder/leverandør):

Firma og org. nummer	

Huk av for aktuelt(le) kvalifikasjonskrav:

☐ Det vert med dette stadfesta at [*sett inn firmanamn for støttande verksemd*] inngår som støttande verksemd for å oppfylle kvalifikasjonskrav knytt til økonomisk og finansiell kapasitet i samband med tilbydar sin deltaking i konkurransen, sjå Konkurransegrunnlaget punkt 3.4. [*Sett inn firmanamn for støttande verksemd*] er solidarisk ansvarleg med [*sett inn firmanamn på tilbydar/leverandør*] for utføringa av avtalen.

☐ Det vert med dette stadfesta at [*sett inn firmanamn for støttande verksemd*] inngår som støttande verksemd for å oppfylle kvalifikasjonskrava knytt til tekniske og faglege kvalifikasjonar, sjå Konkurransegrunnlaget punkt 3.5, og vil stille dei nødvendige ressursane til rådigheit for å oppfylle [*sett inn firmanamn på tilbydar/leverandør*] sine avtaleforpliktingar. Dersom støtta gjeld oppfylling av krav knytt til utdanning og faglege kvalifikasjonar eller krav til relevant fagleg erfaring, vert det stadfesta at [*sett inn firmanamn for støttande verksemd*] skal uføre tenestene som krev slike kvalifikasjonar, sjå FOA § 16-10 (5).

--- ---

Stad og dato Signatur og tittel (støttande verksemd)

Erklæringa skal signerast av ein som har signaturrett eller stillingsfullmakt til å gi bindande erklæring på vegner av verksemda, elles må tilbydar leggje ved fullmakt.

Vedlegg 4: Referanseskjema

I dette skjemaet skal Leverandøren skildre 1-3 relevante referansar dei siste 5 år. Skildringa må innehalde tilstrekkeleg informasjon om leveransen slik at oppdragsgjevar kan evaluere om dette er relevant eller ikkje.

Referanseskildring nr. 1	
Mottakar	
Tidsrom for utføring	
Omfang (timar/økonomi)	
Kort skildring av leveransen	
Dersom utført av støttande verksemd gje opp namn og organisasjonsnummer, ref. Forpliktingserklæring	

Referanseskildring nr. 2	
Mottakar	
Tidsrom for utføring	
Omfang (timar/økonomi)	
Kort skildring av leveransen	
Dersom utført av støttande verksemd gje opp namn og organisasjonsnummer, ref. Forpliktingserklæring	

Referanseskildring nr. 3	
Mottakar	

Tidsrom for utføring	
Omfang (timar/økonomi)	
Kort skildring av leveransen	
Dersom utført av støttande verksemd gje opp namn og organisasjonsnummer, ref. Forpliktingserklæring	

Vedlegg 5 - Tilbodsbrev

Til:
Vestland fylkeskommune
Att: Namn

Frå:
Namnet på verksemda: _____

Organisasjonsnummer: _____

Kontaktperson: _____

Telefonnummer: _____

E-postadresse: _____

Vi stadfestar at vi har sett oss grundig inn i anskaffingsdokumenta.

Dette tilbodet gjeld følgjande delkontraktar (sett kryss):

☐ Delkontrakt 1 – Flygel
☐ Delkontrakt 2 – Piano
☐ Delkontrakt 3 – Serviceavtale

Vi stadfestar at tilbodet er i samsvar med reglane for anskaffinga i konkurransegrunnlaget, og at vi aksepterer alle krav og vilkår i samsvar med føresegnene i anskaffingsdokumenta, i den grad ikkje noko anna går fram av Vedlegg 6: Tilbydar sine atterhald og avvik.

Vi står ved tilbodet fram til og med 3 månader etter tilbodsfrist for første levering av tilbod.

Denne underskrifta gjeld heile tilbodet, inkludert alle vedlegg.

--- ---

Stad og dato Signatur og tittel

Tilbodet må signerast av ein som har signaturrett eller stillingsfullmakt til å gi bindande tilbod på vegner av leverandøren, elles må leverandøren leggje ved fullmakt.

Vedlegg 6: Tilbydar sine atterhald og avvik

Dette vedlegget skal nyttast dersom tilbydar tek atterhald i tilbodet, eller det inneheld avvik frå føresegnene i konkurransegrunnlaget. Oppdragsgjevar gjer merksam på at atterhald og avvik kan medføre avvising frå konkurransen, jf. FOA § 24-8.

1 Tilbydar sine atterhald

Viktige føresetnadar som tilbydar har lagt til grunn for utarbeiding av kalkylar, løysingar mv. skal skildrast her:

2 Tilbydar sine avvik

Dersom tilbydar si løysing avvik frå føresegner og vilkår i konkurransegrunnlaget, skal dette opplysast om her. For kvart enkelt avvik skal følgjande tabell fyllast ut (ein tabell pr. avvik):

Avvik nr. 1	
Referanse til dokument/føresegn:	*Informasjon om kva dokument/del i konkurransegrunnlaget avviket gjeld:*
Føresegna lyder:	*Sett inn den konkrete teksten som avviket knyter seg til.*
Foreslått endra til:	*Sett inn den tekst som blir foreslått i staden for gjeldande tekst.*
Grunngjeving for endring:	
Konsekvens pris:	
Konsekvens framdrift:	
Andre kommentarar:	

Vedlegg 7: Teiepliktige opplysningar og eigenerklæring om bortfall av teieplikt knytt til tilbod

Vi erklærer med dette at alle aktuelle opplysningar i vårt tilbod som vi reknar som unntatt frå innsyn etter offentleglova er presist oppgjeve i tabellen under. Vi fritek med dette oppdragsgjevar frå eventuell teieplikt etter offentleglova § 13 for alle andre opplysningar enn dei som er klart identifiserte, og aksepterer at det vert gjeve fullt innsyn i alle andre opplysningar enn dei som er identifiserte i tabellen under.

SETT EITT KRYSS:

☐ Tilbodet inneheld ingen opplysningar som er unntatt frå innsyn etter offentleglova § 13.

☐ Vi meiner tilbodet inneheld følgjande teiepliktige opplysningar som skal vere unntatt frå innsyn etter offentleglova § 13*:

Ref.nr i tilbodet	Aktuelle opplysningar	Grunngjeving for at det skal nektast innsyn i desse

* Merk at ved krav om innsyn skal oppdragsgjevaren på sjølvstendig grunnlag vurdere om opplysningane er av ein slik art at oppdragsgjevaren pliktar å nekte innsyn i desse, jf. offentleglova § 29. Dersom det kjem inn førespurnad om innsyn i tilbodet, vil oppdragsgjevar vanlegvis ta kontakt med tilbydar for å få ein sladda versjon av tilbodet.